

Styremøte 2-2014 - REFERAT

Søndag 6. april 2014 kl. 20:00

Sak 1: Tillegg til vedtektene §10 Omsetting av båtplassar

Vedtektene seier ikkje noko om kva som skal gjelde dersom den som søker om å bytte eller kjøpe båtplass får tilbud om ein plass han eller ho ikkje ser seg tent med.

Så lenge dette ikkje er vedtekstfesta, vert avgjerda opp til styret.

VEDTAK

Den som står først på ei venteliste for bytte eller kjøp av båtplass har høve til å avslå eit tilbud om ein ledig plass dersom han eller ho, på grunn av breidde, dybde eller plassering anser plassen som ueigna for sin båt. I så fall går tilbodet til den neste på lista, og eventuelt vidare i lista, eventuelt også over til lister med lågare prioritet, inntil plassen vert motteken. Den som tek plassen går ut av lista. For øvrig vert listene ikkje endra.

Sak 2: Dugnad

VEDTAK

Det vert innkalla til dugnad **tirsdag 6. mai kl. 18:00**.

Terje har ansvar for å førebu og leie dugnaden.

Inge har ansvar for å sende ut innkalling ei veke før. Innkalling skal også stå på nettsida vår.

Alvin sender liste om fritak frå dugnad til Inge innan måndag 28. april, **på e-post**.

MØTET SLUTT